



Vår dato:

22.09.2021

Vår ref:

2021/10292

Dykkar dato:

Dykkar ref:

KLEVSTAD RØRSERVICE AS
Myrdalshovden 134
5130 NYBORG

Saksbehandlar, innvalstelefon
Maria Knagenhjelm, 5764 3137

Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde – løyve til legging av sjøleidning og avgrensa utslepp – Klevstad rørservice AS

Dokument i saka

- Søknad frå Klevstad rørservice AS v/ Arild Hermod Klevstad datert 04.07.2021 med vedlegg
- Utfyllande informasjon i telefonsamtale den 14.09.2021
- Forskrift om vern av Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde i Alver og Austrheim kommunar, Vestland fylke, datert 26.06.2020
- Naturmangfaldlova

Søknaden

Vi viser til søknad datert 04.07.2021 gjeldande etablering av slamavskiljar frå ei hytte med ein 30 meter lang røyrleidning med tilhøyrande utslepp ut i Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde. Hytta ligg på eigedommen med gnr/bnr 502/37, Nedre Valderneset 41, i Alver kommune.


Hytta er i all hovudsak i bruk på helgebasis i sommarhalvåret og har tidlegare hatt forbrenningstoalett. Grunna ønskje frå grunneigarane om auka standard på hytta, mindre lukt og mindre arbeid med tømming, ønskjer dei vassklosett. Klevstad rørservice AS har blitt engasjert av grunneigar for å gjennomføre prosjektet. Det inkluderer å grave ned ein slamavskiljar på om lag 4,5 m³ ved hytta og legge ein røyrleidning med diameter Ø110 mm ut i sjøen framfor hytta og ut i sjøen. Søkjar vil ha røyret 30 meter ut i det marine verneområdet.

Vedlagt søknaden ligg også kopi av ein tømmeavtale med slamkøyrar Ståle Reigstad. Det står «Avtale mellom Nova vest og kunde om at me kan tømme hans septiktank med bil om bord i båt. Kunde må sjølv passe på når tømming skal skje». Fordi avstanden frå veg til tank er vurdert til å være 150 meter, må slamavskiljaren/septiktanken bli tømt av ein septikbil som står oppå ein båt. Dette er, jf. Klevstad rørservice, vanleg for tilsvarende anlegg i området som ligg for langt frå veg.



Saka hamna først hos forureiningsavdelinga hos oss, som sendte den vidare til Alver kommune fordi det er kommunen som er forureiningsstypesmakt for utslepp av avløpsvatn mindre enn 50 pe (personekvivalent, der 1 person = 1 pe). Fordi søknaden i tillegg må få dispensasjon fra verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde, vart saka sendt til naturmangfaldsseksjonen hos Statsforvaltaren. Når eit tiltak må bli vurdert etter to regelverk (forureiningsmyndet hos kommunen og verneområdemyndet hos oss), er det som regel riktig å handsame saka etter det strengaste regelverket først.

Det marine verneområdet dekker eit sjøareal på om lag 71 km² i Alver og Austrheim kommunar med grense mot land langs djupnekote 2 m under sjøkartnull. Verneområdet femner om overflata, vassøya og sjøbotnen. I dette dokumentet handsamar vi den delen av søknaden som går på tiltak i det marine verneområdet etter verneforskrifta. Ansvarleg tiltakshavar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter andre loverk.



Figur 1 syner situasjonskart over området. Den oransje prikken markerer hytta.



Figur 2 syner lokaliseringa av det omsøkte tiltaket på eigedommen 502/37.



Lovgrunnlag

Føremålet med Lurefjorden og Lindåsosane marine verneområde er å ta vare på eit unikt fjord- og pollsystem med lågt oksygeninnhald, med mellom anna spesielle førekomstar av den djuplevande kronemaneten *Periphylla periphylla* og ishavsåte *Calanus glacialis*, og ei eiga sildestamme. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad, og området skal kunne tene som referanseområde for forsking og overvaking. Verneføremålet knyter seg til vassøyla og sjøbotnen (verneforskrifta § 1).

I verneforskrifta § 3 står det at i det marine verneområdet må ingen setje i verk noko som skader verneverdiane nemnt i verneføremålet. Både vegetasjonen og dyrelivet er verna mot skade og øydelegging. Området er verna mot tiltak og inngrep som kan skade verneverdiane som t.d. (vår understrekning) etablering av ulike typar anlegg, utfylling, byggeverksemd, plassering av konstruksjonar på sjøbotnen, andre varige eller midlertidige innretningar, legging av røyrleidningar og kablar, utføring av avløpsvatn og andre konsentrerte tilførsler av ureining, mudring, uttak og deponering av masse, sprenging, boring, utslepp av kjølevatn frå land, omrøyring av vassmassar og oppankring. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmande.

Verneforskrifta § 5 b seier at forvalningsstyresmakta kan gje dispensasjon frå verneforskrifta til legging av kablar og røyrleidningar, så langt som mogleg samla i korridorar. Nedgravning av slamavskiljaren og tilkopling av røyret er aktuelt utanfor vernegrensa, men det meste av den omsøkte røyrleidninga, i tillegg til utsleppet av avløpsvatnet, ligg innanfor i verneområdet, og må såleis få dispensasjon.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Tiltak av denne typen er omfatta av verneforskrifta for det marine verneområdet. Gjennomføringa av tiltaket føreset at Statsforvaltaren som forvalningsmynde for verneområdet gir dispensasjon frå verneforskrifta.

Verneføremålet i Lurefjorden og Lindåsosane er å ta vare på eit unikt fjord og pollsystem. Det er ein djup og mørk fjord, og all utskifting av vatn går over tre grunne tersklar. Dette førar til at Lurefjorden i lange periodar er eit oksygenfattig marint økosystem, og gjer det også sårbart for ureining. Fjorden er generelt ein dårlig recipient fordi det er så sein utskifting av vatn. I naturbase er heile sjøarealet her gitt verdi som nasjonalt viktig gyteområde for torsk. Det er ei målsetjing å halde verneverdiane utan større grad av ytre påverknad.

VI har innhenta erfaringar frå Bjørnafjorden, tidlegare Fusa kommune. Kommunen har erfaring med fritidsbusetnad med tilhøyrande utsleppsløyve til ein tilsvarande dårlig recipient som Lurefjorden, nemleg Lygrepollen. Lygrepollen er ikkje eit verneområde, men kommunen har sett høge krav til reinsing av avløpsvatn for å tilfredsstille krav i dagens forureiningslovverk.

Vi meiner at vi har tilstrekkeleg kunnskap til å kunne avgjere saka jamfør kravet til kunnskapsgrunnlaget i naturmangfaldlova § 8. Generelt er Lurefjorden ingen god recipient. Dette utsleppet er lite og avgrensa, men vi gjer rekning med at kommunen handsamar utsleppssøknaden i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-8, jf reglane om utslepp til *følsomme område*. Vi forventar og



at kommunen følgjer opp med regulære kontrollar av slike anlegg, og at utsleppspunktet vert lagt slik at det ikkje vert gjennomslag til overflata.

Vi vurderer tiltaket til å ikkje medføre vesentleg auka påverknad på verneføremålet for det marine verneområdet i nemneverdig grad dersom reinsinga av fosfor og organisk avfall vert tilstrekkeleg. Sidan verneforskrifta i utgangspunktet har forbod mot utslepp av avløpsvatn, vil det vere avgjerande at det er høg grad av reining før det blir sleppt ut. Det er også viktig at utsleppspunktet har så god vassutskifting det er mogeleg å få i ein dårleg resipient som Lurefjorden og Lindåsosane. Verneforskrifta sitt forbod mot utslepp av avløpsvatn har ikkje til føremål å hindre hytter og mindre einingar av einedustadar å ha vassklosett. Vi ser likevel at denne saka kan skape presedens, og Alver kommune har varsla at det kan kome fleire tilsvarende søknadar.

Vi finn det såleis rett å innvilge dispensasjon frå verneforskrifta med vilkår om høge krav til reining, samt varsam utlegging av røyrleidninga fram til område for optimal vassutskifting.

Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland gjev dispensasjon etter § 5 b, jamfør verneforskrifta for Lurefjorden og Lindåsosane, til legging av ei 30 meter lang røyrleidning frå hytta på gards- og bruksnummer 502/37 i Alver kommune, på følgjande vilkår:

1. Utsleppet ligg i følsamt fjordområde og skal minst etterkome forureiningsforskrifta sine krav til reining av denne type utslepp til følsame område.
2. Røyrleidninga langs botnen skal vere minimum 10 meter og utsleppspunktet må ligge slik at vassutskiftinga på staden vert optimalisert. Utsleppspunktet må heller ikkje forårsake gjennomslag til overflata.
3. Røyrleidningen skal bli lagt i trasé der den ikkje øydelegg viktige naturførekommstar.
4. Statsforvaltaren gir *ikkje* løyve til terrentilpassing i form av sprenging, graving, mudring eller anna tilsvarende anleggsarbeid på sjøbotn i verneområdet.
5. Dersom bruk av røyrleidningen opphører, skal den bli fjerna og levert til godkjent mottak.
6. Alt avfall frå tiltaket skal leverast godkjent mottak, og sjøbotn rundt røyrleidningen skal være fri for avfall.
7. Statsforvaltaren skal ha ein rapport med bilete i ettertid at tiltaket, der m.a. endeleg trasé for ny leidning går fram, lengda på røyet, dato for gjennomføring, viktige observasjonar av fjordbotn ved legging av røyrleidningen, med meir.
8. Det omsøkte tiltaket må vere sluttført seinast i løpet av 2024.

Vi minner om at dette er eit enkeltvedtak etter verneforskrifta, og at ansvarleg tiltakshavar sjølv er ansvarleg for å innhente løyve etter andre lovverk.

Klage

Denne avgjerdna kan partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse klage inn for Miljødirektoratet med ein frist på 3 veker. Eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren, som vil vurdere klagen og sende den til Miljødirektoratet dersom vi ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket.

Med helsing

Stein Byrkjeland
fagdirektør

Maria Knagenhjelm
seniorrådgjevar



Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens Naturoppsyn Postboks 5672 Sluppen 7485 TRONDHEIM
Alver kommune Postboks 4 5906 FREKHAUG

Miljødirektoratet via Miljøvedtaksregisteret